



Kanskje vil det overraska nokon, men det er i alle fall sant: i den fyrste månaden i 2012 målte Kurt Haugland på Korsnes omtrent nøyaktig same nedbørmengd som i fjor i januar - tala var 227 og 222 millimeter. Omvikdalen og Rosendal hadde omtrent den same nedbør som Uskedalen, men Matre låg som vanleg i ei særklasse med dobbelt så mykje - 439 millimeter - melder Grenda

Temperaturen nådde ikkje tosifra tal på nokon side av nullpunktet.

Kva vind angår bles det orkan i Rosendal, nærare bestemt på Nes, klokka 18.30 den 26. januar. Vindstyrken var 35,2 meter i sekundet og det var storm med 25,5 i Sandvikjo som jo er like rundt hjørnet.

Biletet: Snøen let vente på seg i år - her er det lett dryss over Beinavikjo i ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)